



## MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 12.12.2016  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 11:00 - 15:10

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Karin Nordheim Flatekval	SP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Arne Normann	KRF	Varamedlem kunne ikkje møta
Line Eide Vik	SP	Karin Nordheim Flatekval



---

**Andre møtande:**

Konst. rådmann Åse Elin Myking

Økonomisjef Truls Morten Kaland

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad

Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum

Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal

Politisk sekretær Sølvi Legård

---

## Saksliste

**SAKSNR**    **TITTEL**

---



**91/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 12.12.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 91/2016 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**92/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Kommunestyret 12.12.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 92/2016 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**93/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Kommunestyret 12.12.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.



**KOM - sak 93/2016 Vedtak:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

---

**94/2016: NEI TIL STENGING AV JERNBANESTASJONEN I BERGEN**

**Felles framlegg til uttale frå Vaksdal Ap, Vaksdal Frp, Vaksdal H, Vaksdal Krf, Vaksdal MDG, Vaksdal Sp og Vaksdal SV:**

Vaksdal kommunestyre har merka seg at Jernbaneverket har motteke KS2-rapport for delprosjektet Bergen stasjon – Fløen, der det også vert vurdert å stengja stasjonen i inntil 8 månader for å spare 200 til 400 millionar kroner.

Dei første 8 månadene i 2016 hadde Bergensbanen 2 millionar reisande. Det er omlag talet på kor mange som vert råka av ei eventuell stenging. Det er etter Vaksdal kommunestyre si meining heilt uakseptabelt at brukarane av Bergens- og Vossebanen skal betale ein so høg pris for prosjektet.

Vaksdal kommune er ein stor pendlarkommune, og har nesten 200 000 passasjerstopp på Vaksdal, Stanghelle og Dale stasjonar årleg. Ein stor del av arbeids-, fritids- og kulturreiser vert gjort med tog i vår kommune. Vossebanen er livlina mellom oss og Bergen. Me prøver å tilpassa tenestene våre til NSB sine rutider.

Vaksdal kommunestyre er særskild bekymra for at dette vil føre til stor auke i biltrafikken mot Bergen på dårleg veg. Dette er uheldig for klima og miljø, personleg økonomi og samfunnsøkonomi. Arbeidsreisene vert lengre. Pendlarar på Vossabanen har erfaring med buss for tog. Vaksdal kommunestyre meiner at buss for tog ikkje er nokon tilfredstillande løysing i ein so lang periode det her er tale om.

Vaksdal kommunestyre krev at Bergen stasjon er open i heile anleggsperioden under opprustinga av strekninga Bergen stasjon – Fløen. Kommunestyret ser fram til at prosjektet vert ferdig, og at alle passasjerar på Bergens og Vossebanen får eit enno betre tilbod enn i dag.

**Kommunestyret 12.12.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 94/2016 Vedtak:**

Vaksdal kommunestyre har merka seg at Jernbaneverket har motteke KS2-rapport for delprosjektet Bergen stasjon – Fløen, der det også vert vurdert å stengja stasjonen i inntil 8 månader for å spare 200 til 400 millionar kroner.

Dei første 8 månadene i 2016 hadde Bergensbanen 2 millionar reisande. Det er omlag talet på kor mange som vert råka av ei eventuell stenging. Det er etter Vaksdal kommunestyre si meining heilt



uakseptabelt at brukarane av Bergens- og Vossebanen skal betale ein so høg pris for prosjektet.

Vaksdal kommune er ein stor pendlarkommune, og har nesten 200 000 passasjerstopp på Vaksdal, Stanghelle og Dale stasjonar årleg. Ein stor del av arbeids-, fritids- og kulturreiser vert gjort med tog i vår kommune. Vossebanen er livlina mellom oss og Bergen. Me prøver å tilpassa tenestene våre til NSB sine rutider.

Vaksdal kommunestyre er særskild bekymra for at dette vil føre til stor auke i biltrafikken mot Bergen på dårleg veg. Dette er uheldig for klima og miljø, personleg økonomi og samfunnsøkonomi. Arbeidsreisene vert lengre. Pendlarar på Vossabanen har erfaring med buss for tog. Vaksdal kommunestyre meiner at buss for tog ikkje er nokon tilfredstillande løysing i ein so lang periode det her er tale om.

Vaksdal kommunestyre krev at Bergen stasjon er open i heile anleggsperioden under opprustinga av strekninga Bergen stasjon – Fløen. Kommunestyret ser fram til at prosjektet vert ferdig, og at alle passasjerar på Bergens og Vossebanen får eit enno betre tilbod enn i dag.

---

### **95/2016: VAL AV NY MØTEFULLMEKTIG TIL FORLIKSRADET**

#### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Kjersti Flåm Krogsrud vert vald som ny møtefullmektig til forliksrådet etter Asbjørg Hesjedal.

#### **Kommunestyret 12.12.2016**

##### **Behandling:**

Bjørn Øivind Krogsrud stilte spørsmål ved sin habilitet. I medhald av forvaltningslova § 6 punkt c) vedtok kommunestyret samrøystes at han er ugild i saka.

Samrøystes vedtak.

#### **KOM - sak 95/2016 Vedtak:**

Kjersti Flåm Krogsrud vert vald som ny møtefullmektig til forliksrådet etter Asbjørg Hesjedal.

---

### **96/2016: DIVERSE - ÅRSVSLUTNING 2016**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justering og føringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2016:



## Vaksdal kommune

DRIFTSBUDSJETT		Beløp
	<b>Bruk av midlar</b>	
Flyktningsfond 2.561125	Fin. Avskrivinger flyktningboliger, 1940.3030.265	20.000
<b>KAPITALBUDSJETT</b>		
	<b>Avsetjing</b>	
	<b>Bruk av midlar</b>	
Fond for avkastning av innskoten kapital 2.569900	Aksjekjøp KLP, Eigenkapitalinnskot 3529.1190.172.K99000	1.155.786
Miljøfond: 2.514704	Ladestasjoner Heradshuset, restarbeid frå 2015. 3232.4700.330.K40340	24.530
Overføres til 3970.3030.275	Oppstart Vaksdal introcenter (VIS), overføring frå drift1570.3030.275	420.401,70
Til kto 3471.9900.283.K99000	Etableringslån- Tap på lån- dekket av fondskonto 2.514201	5.351
Til kto 1471.9900.870	Etableringslån – tap på renter – dekket av fondskonto 2.514201	10.032,20
	<b>Omdisponering</b>	
	Kundetorg	200.000
	Folkehelse og familie – samlokalisering Heradshus	-100.000
	IKT- og datasikkerhetsløsning	-100.000
	Tilstandsvurdering sjukeheimar og omsorgsbustader	69.006
	Ombygging/oppgradering av kommunale bustader	-69.006
	Digitalisering barnehage	9.444
	IKT- og datasikkerhetsløsning	-9.444
	Senterplassen	80.000
	Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø	-80.000

Lån m/rentekompensasjon vert redusert med kr 1.400.000,- og overført til lån med ordinært låneoptak

Vaksdal Næringspark AS vert nedskrive til frå kr 3.500.000,- til kr 787.024,-



## Kommunestyret 12.12.2016

### Behandling:

Rådmannen orienterte.

Samrøystes vedtak.

### KOM - sak 96/2016 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgende justering og føringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2016:

DRIFTSBUDSJETT		Beløp
	<b>Bruk av midlar</b>	
Flyktningsfond 2.561125	Fin. Avskrivinger flyktningboliger, 1940.3030.265	20.000
<b>KAPITALBUDSJETT</b>		
	<b>Avsetjing</b>	
	<b>Bruk av midlar</b>	
Fond for avkastning av innskoten kapital 2.569900	Aksjekjøp KLP, Eigenkapitalinnskot 3529.1190.172.K99000	1.155.786
Miljøfond: 2.514704	Ladestasjoner Heradshuset, restarbeid frå 2015. 3232.4700.330.K40340	24.530
Overføres til 3970.3030.275	Oppstart Vaksdal introcenter (VIS), overføring frå drift1570.3030.275	420.401,70
Til kto 3471.9900.283.K99000	Etableringslån- Tap på lån- dekket av fondskonto 2.514201	5.351
Til kto 1471.9900.870	Etableringslån – tap på renter – dekket av fondskonto 2.514201	10.032,20
	<b>Omdisponering</b>	
	Kundetorg	200.000
	Folkehelse og familie – samlokalisering Heradshus	-100.000
	IKT- og datasikkerhetsløsning	-100.000
	Tilstandsvurdering sjukeheimar og omsorgsbustader	69.006
	Ombygging/oppgradering av kommunale bustader	-69.006
	Digitalisering barnehage	9.444



	IKT- og datasikkerhetsløsning	-9.444
	Senterplassen	80.000
	Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø	-80.000

Lån m/rentekompensasjon vert redusert med kr 1.400.000,- og overført til lån med ordinært låneopptak

Vaksdal Næringspark AS vert nedskrive til frå kr 3.500.000,- til kr 787.024.

---

**97/2016: FØRESPURNAD OM KJØP AV DEL AV GNR. 22, BNR. 14, DALEGÅRDEN.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen tilrår at kommunestyre godkjenner sal for del av Vaksdal kommune sin eigedom gnr. 22, bnr. 14 ved Dalegarden industriområde, på dei vilkår som er skildra i vedlagt kjøpekontrakt.

Kommunestyret ber administrasjonen kome attende med sak til kommunestyret som beskriver korleis kommunen avhender eigedom for å sikre lik praksis frå sak til sak.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 21.11.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 106/2016 Tilråding:**

Rådmannen tilrår at kommunestyre godkjenner sal for del av Vaksdal kommune sin eigedom gnr. 22, bnr. 14 ved Dalegarden industriområde, på dei vilkår som er skildra i vedlagt kjøpekontrakt.

**Kommunestyret 12.12.2016**

**Behandling:**

**Oversendingsforslag frå Kjartan Haugsnes, SV:**

*Kommunestyret ber administrasjonen kome attende med sak til kommunestyret som beskriver korleis kommunen avhender eigedom for å sikre lik praksis frå sak til sak.*

**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes vart vedteke mot 2 røyster (Jan Hansen og Bjørn Øivind Krogsrud (AP))





**KOM - sak 97/2016 Vedtak:**

Rådmannen tilrår at kommunestyre godkjenner sal for del av Vaksdal kommune sin eignedom gnr. 22, bnr. 14 ved Dalegarden industriområde, på dei vilkår som er skildra i vedlagt kjøpekontrakt.

Kommunestyret ber administrasjonen kome attende med sak til kommunestyret som beskriver korleis kommunen avhender eignedom for å sikre lik praksis frå sak til sak.

---

**98/2016: BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2017**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune vil busette inntil 20 flyktningar i 2017 med atterhald om at kommunen klarer å skaffe bustader til alle.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 21.11.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 107/2016 Tilråding:**

Vaksdal kommune vil busette inntil 20 flyktningar i 2017 med atterhald om at kommunen klarer å skaffe bustader til alle.

**Kommunestyret 12.12.2016**

**Behandling:**

**Tilleggsframlegg frå Magne Hestad, på vegner av AP og SP:**

*Kommunestyret ber om at norskopplæringa for born vert styrka ved å overføre midlar frå integreringsbudsjettet til skulebudsjettet.*

**Endringsframlegg frå Boris Groth, FRP:**

*Vaksdal kommune vil busette inntil 12 flyktningar i 2017 med atterhald om at kommunen klarer å skaffe bustader til alle.*

**Røysting:**

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot forslaget frå Boris Groth - Boris Groth sitt framlegg fekk 1 røyst (FRP) og fall

Tilleggsframlegget frå Magne Hestad vart samrøystes vedteke.



**KOM - sak 98/2016 Vedtak:**

Vaksdal kommune vil busette inntil 20 flyktningar i 2017 med atterhald om at kommunen klarer å skaffe bustader til alle.

Kommunestyret ber om at norskopplæringa for born vert styrka ved å overføre midlar frå integreringsbudsjettet til skulebudsjettet.

---

**99/2016: RENOVASJONSGBYR 2017**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegen av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhøyrrer Vaksdal kommune.

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyret i medhald av vedlagte oversyn over tenester og pristabellar.

Prisen på renovasjonstenesta for 2017 vert uendra. Beløpet for minimumskunde vert kr 1.546,20 for 12 tømningar, 6 tømningar per halvår, + eit tillegg på kr 26,60 per restavfallstømning utover dette, + kommunalt påslag kr 38,40 for etterdrift på Geitabotn avfallsplass + bossnettpåslag kr 153,30 per bueining.

Alle prisar eks. meirverdiavgift.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 21.11.2016**

**Behandling:**

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet, ho er varamedlem til styret i BIR. Formannskapet vedtok med heimel i forvaltningslovens § 6 e) punkt 2 at Heidi Rongved er ugild til å delta under behandlinga av saka.

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 108/2016 Tilråding:**

Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegen av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhøyrrer Vaksdal kommune.

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyret i medhald av vedlagte oversyn over tenester og pristabellar.



Prisen på renovasjonstenesta for 2017 vert uendra. Beløpet for minimumskunde vert kr 1.546,20 for 12 tømningar, 6 tømningar per halvår, + eit tillegg på kr 26,60 per restavfallstømning utover dette, + kommunalt påslag kr 38,40 for etterdrift på Geitabotn avfallsplass + bossnettpåslag kr 153,30 per bueining.

Alle prisar eks. meirverdiavgift.

### **Kommunestyret 12.12.2016**

#### **Behandling:**

Samrøystes vedtak.

#### **KOM - sak 99/2016 Vedtak:**

Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på veggen av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhøyrer Vaksdal kommune.

Vaksdal kommune vedtek renovasjonsgebyret i medhald av vedlagte oversyn over tenester og pristabellar.

Prisen på renovasjonstenesta for 2017 vert uendra. Beløpet for minimumskunde vert kr 1.546,20 for 12 tømningar, 6 tømningar per halvår, + eit tillegg på kr 26,60 per restavfallstømning utover dette, + kommunalt påslag kr 38,40 for etterdrift på Geitabotn avfallsplass + bossnettpåslag kr 153,30 per bueining.

Alle prisar eks. meirverdiavgift.

---

### **100/2016: BRUK AV KONSESJONSKRAFTGEVINST I ÅRSBUDSJETT**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

##### Alternativ 1:

Ved gevinst ved sal av konsesjonskraft skal det gjerast ekstraordinære avdrag i driftsrekneskapen.

##### Alternativ 2:

Ved gevinst ved sal av konsesjonskraft vert 2/3 av gevinsten overført frå drift til investering og 1/3 av gevinsten vert sett av til disposisjonsfond.

Rådmannen skal ikkje budsjettera med konsesjonskraftgevinst i sitt framlegg til budsjett. Gevinst ved sal av konsesjonskraft skal stillas til disposisjon for kommunestyret i samband med handsaming av årsbudsjettet.



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 21.11.2016**

**Behandling:**

Økonomisjefen orienterte.

Ordføreren rådde til å røysta for alternativ 2.

**Alternativt framlegg frå Evelyn Boge, SV:**

*Rådmannen skal ikkje budsjettera med konsesjonskraftgevinst i sitt framlegg til budsjett. Gevinst ved sal av konsesjonskraft skal stillas til disposisjon for kommunestyret i samband med handsaming av årsbudsjettet.*

**Røysting:**

Det vart først røysta slik at Evelyn Boge sitt framlegg vart sett opp mot alt. 1 i rådmannen sitt framlegg - Evelyn Boge sitt framlegg fekk 1 røyst (SV) og fall  
Dei to alternative framlegga frå rådmannen vart så sett opp mot kvarandre - Alt. 2 vart vedteke med 6 røyster (AP, H, KRF, SP)

**FPØ - sak 109/2016 Tilråding:**

Ved gevinst ved sal av konsesjonskraft vert 2/3 av gevinsten overført frå drift til investering og 1/3 av gevinsten vert sett av til disposisjonsfond.

**Kommunestyret 12.12.2016**

**Behandling:**

Evelyn Boge fremja sitt forslag frå formannskapet på nytt.

**Røysting:**

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot framlegget frå Evelyn Boge.  
Evelyn Boge sitt framlegg fekk 5 røyster (SV, MDG, FRP) og fall.

**KOM - sak 100/2016 Vedtak:**

Ved gevinst ved sal av konsesjonskraft vert 2/3 av gevinsten overført frå drift til investering og 1/3 av gevinsten vert sett av til disposisjonsfond.

---

**101/2016: SØKNAD OM AUKE I FESTEAVGIFTA FRÅ 01.01.2017**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav vert auka frå kr 125,- til kr 200,- pr år pr grav, gjeldande frå 01.01.2017

Festeavgifta for urne nedsett i urnegrav har halv pris, kr 100,- pr år pr grav, gjeldande frå 01.01.2017



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 21.11.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 110/2016 Tilråding:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav vert auka frå kr 125,- til kr 200,- pr år pr grav, gjeldande frå 01.01.2017

Festeavgifta for urne nedsett i urnegrav har halv pris, kr 100,- pr år pr grav, gjeldande frå 01.01.2017

**Kommunestyret 12.12.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 101/2016 Vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav vert auka frå kr 125,- til kr 200,- pr år pr grav, gjeldande frå 01.01.2017

Festeavgifta for urne nedsett i urnegrav har halv pris, kr 100,- pr år pr grav, gjeldande frå 01.01.2017

---

**102/2016: BUDSJETT KONTROLLUTVALET 2017**

**Framlegg til vedtak:**

KU går inn for budsjettforslaget slik det ligg føre, med atterhald om godkjenning av ny sekretærtjeneste i kommunestyret i sak 24/16 - HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE.

Om evt. ny sekretærtjeneste som foreslått i sak 24/16 - HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE ikkje skulle bli vedtatt av kommunestyret, får leiar fullmakt til å justere endeleg budsjettforslag, då tilpassa dagens sekretærordning + evt. prisjusteringer og liknande.

Forslag til budsjett for kontrollutvalet i 2017 fylgjer formannskapet si innstilling til budsjett for kommunen til behandling og vedtak i kommunestyret.

Innstilling til kommunestyret:

Budsjett for Vaksdal Kontrollutval for 2017 vert vedtatt slik det ligg føre.



**Kontrollutvalet 13.10.2016**

**Behandling:**

Etter § 18 i "Forskrift om kontrollutval i kommuner og fylkeskommuner" er kontrollutvalet pålagt å utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen.

Etter gjennomgang av budsjettpostane er kontrollutvalet samd om å foreslå fylgjande budsjett for kontrollutvalet i 2017:

Budsjettpost	Kr
Revisjon årsrekneskap	134 000
Forvaltningsrevisjon	285 000
Andre revisjonsoppgåver, m.a. momskontroll	64 500
Andre utgifter til revisjon, reiser, m.m.	67 500
Møtegodtgjersle, km-godtgjørelse m.v./5 møter	41 000
Andre utgifter	30 000
Kurs/konferanse	25 000
Sekretærtjenester KU, Hordaland Fylkeskommune	122 000
TOTALT	769 000

**Alle beløpa er ekskl. mva**

I dette budsjettet er tilbudet frå HFK for sekretariattjenester lagt inn. Dei andre postane er prisjusterte.

**KONT - sak 38/2016 Vedtak/Tilråding:**

Kontrollutvalet går inn for budsjettforslaget slik det ligg føre, med atterhald om godkjenning av ny sekretærtjeneste i kommunestyret i KU-sak 24/16 - HFK, *TILBOD SEKRETARIATTJENESTE*.

Om eventuelt ny sekretærtjeneste som foreslått i KU-sak 24/16 - HFK, *TILBOD SEKRETARIATTJENESTE* ikkje skulle bli vedtatt av kommunestyret, får leiar fullmakt til å justere endeleg budsjettforslag, då tilpassa dagens sekretærordning + evt. prisjusteringer og liknande.

Forslag til budsjett for kontrollutvalet i 2017 fylgjer formannskapet si innstilling til budsjett for kommunen til behandling og vedtak i kommunestyret.

Innstilling til kommunestyret:

Budsjett for Vaksdal Kontrollutval for 2017 vert vedtatt slik det ligg føre.

Budsjettpost	Kr
Revisjon årsrekneskap	134 000
Forvaltningsrevisjon	285 000
Andre revisjonsoppgåver, m.a. momskontroll	64 500
Andre utgifter til revisjon, reiser, m.m.	67 500
Møtegodtgjersle, km-godtgjørelse m.v./5 møter	41 000
Andre utgifter	30 000



## Vaksdal kommune

Kurs/konferanse	25 000
Sekretærtjenester KU, Hordaland Fylkeskommune	122 000
TOTALT	769 000

Alle beløp er ekskl. mva

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 21.11.2016

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 111/2016 Tilråding:**

Budsjett for Vaksdal Kontrollutval for 2017 vert vedtatt slik det ligg føre.

Budsjettpost	Kr
Revisjon årsrekneskap	134 000
Forvaltningsrevisjon	285 000
Andre revisjonsoppgåver, m.a. momskontroll	64 500
Andre utgifter til revisjon, reiser, m.m.	67 500
Møtegodtgjersle, km-godtgjørelse m.v./5 møter	41 000
Andre utgifter	30 000
Kurs/konferanse	25 000
Sekretærtjenester KU, Hordaland Fylkeskommune	122 000
TOTALT	769 000

Alle beløp er ekskl. mva

### Kommunestyret 12.12.2016

**Behandling:**

Leiar i kontrollutvalet orienterte.

Kjartan Haugsnes stilte spørsmål ved sin habilitet. I medhald av forvaltningslova § 6 2. ledd vedtok kommunestyret samrøystes at han er ugild i saka.

**Tilleggsframlegg frå Evelyn Boge, SV:**

*Kommunestyret godkjenner den vedlagte avtalen om sekretariatstjenester med Hordaland fylkeskommune slik den ligg føre.*

Røysting:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Evelyn Boge fekk 6 røyster (SV, H, FRP, MDG) og fall.



**KOM - sak 102/2016 Vedtak:**

Budsjett for Vaksdal Kontrollutval for 2017 vert vedtatt slik det ligg føre.

Budsjettpost	Kr
Revisjon årsrekneskap	134 000
Forvaltningsrevisjon	285 000
Andre revisjonsoppgåver, m.a. moms kontroll	64 500
Andre utgifter til revisjon, reiser, m.m.	67 500
Møtegodtgjersle, km-godtgjørelse m.v./5 møter	41 000
Andre utgifter	30 000
Kurs/konferanse	25 000
Sekretærtjenester KU, Hordaland Fylkeskommune	122 000
TOTALT	769 000

Alle beløpa er ekskl. mva

**103/2016: BUDSJETT 2017**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2017 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafør tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafør områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrivne ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2017. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2017 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 5,5 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn.

For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c.

Eigedomsskatten for 2017 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 64.650.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafør ei total låneramme på kr 41.720.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen





## Vaksdal kommune

sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2017. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.

5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2017» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2017, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova § 7, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova § 6 og forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2017 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2017 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2017 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26
11. Fastsetjing av eigenandeler for 2017 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 21.11.2016**

#### **Behandling:**

Rådmannen orienterte om ny organisering av budsjettbehandlinga.

Endringsframlegg frå Eirik Haga på vegner av AP og SP:

<b>Inntektsauke</b>	<b>+</b>	
Auka rammetilskot	+ 5,4 mill.	
Auka skatteanslag	+ 1,3 mill.	
Auka konsesjonskraftgevinst	+ 7,9 mill.	
<b>Totalt</b>	<b>+ 14,6 mill</b>	

<b>Dispnering / utgifter</b>	<b>+</b>	<b>Totalt</b>
Overføring til kapitalrekneskapen meir i tråd med kravet til «sunn økonomi» = 1.75% Me står overfor store investeringar (2/3 av konsesjonskraftgevinst = 5,3 mill.)	+ 5,3 mill.	7 300 000
Til disposisjonsfond	+ 2,2 mill.	



(1/3 av konsesjonskraftgevinst = 2,6 mill.)		
Styrking av pleie i institusjon	+ 2,4 mill.	41 957 000
Styrking av pleie i heimetenestene	+ 2,0 mill.	49 186 000
Styrking av undervisninga i skulane	+ 2,0 mill.	45 857 000
Bhg – m.a. for å halde på opningstidene	+ 0,2 mill.	21 641 000
SFO – m.a. søskenmoderasjon	+ 0,1 mill.	
Til disp. formannskapet	+ 0,4 mill.	900 000
	<b>(+ 14,6 mill.)</b>	

**Presiseringar:**

- Når det gjeld opningstidene i barnehagane gjeld vedtektene for barnehagane. Hovudprinsippet må vera behovsdekning
- Servicen på legekantoret skal ikkje reduserast
- Reinholdet i klubbhusa på Vaksdal og Dale skal framleis utførast av kommunen
- Kommunestyret vil ha ei sak om eventuelle endringar i vaskeritenesta
- Kommunestyret vil ha ei sak der ein drøftar om bilhaldet skal basera seg på å eiga eller leiga

**Kapitalbudsjettet:**

Moglegstudiet for Bergsdalen og områdeplan for Vaksdal og områdeplan for Stanghelle tilsaman kr 2,4 mill. vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Når det gjeld etablering av oppveksttun på Stamnes set me av kr 4 mill. til ei slik eventuell investering, men føreset at administrasjonen legg opp ein god prosess der ein kjem fram til ei løysing som:

- ivaretek det faglege tilbodet og eit godt miljø
- gjev ei god fysisk løysing ute og inne
- sikrar tryggleik for alle born og tilsette
- legg til rette for trygg henting og bringing

Endringsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

**Endringsforslag budsjett for Vaksdal kommune 2017**

Inntekter		
Endring statsbudsjett	5,4 mill. kroner	
Auka skatteanslag 2017	2,0 mill. kroner	
Inntekt konsesjonskraft*	3,0 mill. kroner	4,9 mill. kroner til disposisjonsfond
Driftsfinansiering investeringar	2,0 mill. kroner	
<b>Samla:</b>	<b>12,4 mill. kroner</b>	

\*Av særskilt inntekt konsesjonskraft 7,9 mill. kroner vert 3 millionar kroner teke inn i driftsbudsjettet og 4,9 mill. kroner sett i disposisjonsfond.

Utgifter/endra ramme	Drift	
Oppvekst – skule	- 2,5 mill. kroner	Auka lærartettleik
Oppvekst – barnehage	- 0,5 mill. kroner	Uendra opningstid, søskenmoderasjon SFO – barnehage ved 100 % plass



## Vaksdal kommune

Oppvekst – skule	- 1 mill. kroner	Stamnes, nei til oppveksttun
Oppvekst - skule	- 300 000 kroner	Lunsj ungdomsskule
Samfunnsutvikling Kultur – instrumentfond	- 100 000 kroner	Løyving fordelast på musikkorpsa i kommunen til innkjøp av instrument, noter o.a.
Pleie og omsorg – institusjonar	- 2 mill. kroner	Auka grunnbemanning
Pleie og omsorg – heimeteneste	- 2 mill. kroner	Auka grunnbemanning
Samfunnsutvikling – klima Opprette klimanemd.	- 2 mill. kroner	Kartlegging eigne utslepp, kompetanse, småkraft, panteordning vedomn, energi eigne bygg mm.
Samfunnsutvikling – fiberutbygging	- 500 000 kroner	Fiberutbygging Boge, dialog med kommersielle utbyggjarar
Samfunnsutvikling – Heider til Vaksdøler	- 100 000 kroner	Oppfølging av arbeidet med å synleggjera Vaksdøler i kommunen.
Sentrale postar – Likestillingsnemd	- 400 000 kroner	Fokus på likestillingsarbeid i kommunen, arbeid mot deltid o.a.
Folkehelse og familie – helsestasjon	- 1 mill. kroner	Styrka helsestasjon med 1 stilling, informasjonsarbeid o.a.
<b>Samla:</b>	<b>- 12,4 mill. kroner</b>	

### **Andre postar:**

Vaksdal SV vil legge ned Vaksdal næringssselskap. 1. million kroner vert overført AO senteret som midlar til omstilling og utvikling av varige arbeidsplassar i kommunen.

<b>Investeringar</b>	<b>Endra ramme</b>	
Oppveksttun Stamnes	- 4 mill. kroner	
Forskotering støyskjerming E 16 Jamna tunnelen – kryss Vaksdal fortau langs E16		1 mill. kroner
Ombygging AO senteret – dagsenter – Elvavegen		2 mill. kroner
Opprusting offentlege areal i kommunen		1 mill. kroner
<b>Samla</b>		<b>4 mill. kroner</b>

### **Nærare om:**

#### **Skulemat:**

Ei forsøksordning med skulemat basert på erfaringstal frå andre kommunar vil koste for ungdomsskulen omlag 500 000 kroner årleg. Summen som her er lagt inn er for haustsemesteret 2017.

Det eksisterar i dag ingen strategi for å auke grunnskulepoenga i Vaksdal. Difor vil SV foreslå tre grep:

- Auka lærartettleik/delingstimar med 2,5 mill. kroner.
- Innføre skulelunsj/varmmat for ungdomsskulen (Gratis)
- Auke ressurs hjå helsestasjon – helsesøster med hovudfokus på psykososialt arbeid i skulane.



**Klimanemd:**

SV har som mål at det årleg skal avsetjast omlag 1 % av budsjettet til klimatiltak. For 2017 vert det sett av 2,0 millionar kroner. Desse midlane skal mellom anna nyttast til kartlegging av utslepp frå eigen verksemd, gjeninnføra panteordning for gamle vedomnar, energibruk eigne bygg mm.

Tilleggsframlegg frå Evelyn Boge, på vegner av SV, H, FRP om oppvekststun Stamnes:

Kommunestyret ber om at sak gjeldande oppvekststun på Stamnes vert sett i bero. Kommunestyret viser til kommunestyresak 60/2016 27.06.2016 Skulestruktur i Vaksdal. Her vart det mellom anna gjort slikt vedtak:

1. Kommunestyret vel alternativ OB og ber administrasjonen ar beida vidare med dette alternativet som inkluderer ny barne- og ungdomsskule på Dale og nytt tilbygg på Vaksdal skule.

**Alternativ OB er omtalt slik i skulebruksplan 2015-2030 side 57 kapittel 6.7:**

**6.7 Alternativ OB - Vidareføring av dagens skulestruktur**

**Strukturkonsekvensar 6.7.1**

Ingen endring av skulestrukturen. Alternativet vidarefører dagens situasjon med kombinertskule 1-10 på Dale (felles ungdomssteg), og med barneskuler (1-7) på Stanghelle, Stamnes og Vaksdal. Eksingedalen skule vert vidareført med 1-10 årssteg.

Dale barne- og ungdomsskule vert i dette alternativet tilrådd sanert og bygt opp som heilt ny skule. Ved Vaksdal skule vert paviljong/SFO-bygg rive og erstatta med tilbygg på hovudbygget. Hovudbygget vert rehabilitert og rusta opp i samsvar med tiltaksplan etter tilstandsvurdering (Norconsult 2015).

Om det i framtida skal gjerast ei utgreiing om oppvekststun på Stamnes må dette kome som ei tinging frå Levekårsutvalet til kommunestyret.

Røysting:

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg i 11 punkt - Dette vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over dei 2 endringsframlegga:

1. Eirik Haga sitt framlegg fekk 6 røyster (AP, SP, H, KRF)
  2. Evelyn Boge sitt framlegg fekk 1 røyst (SV)
- Tilleggsframlegget frå Evelyn Boge fekk 1 røyst (SV)

**FPØ - sak 112/2016 Tilråding:**

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2017 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramman innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2017. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2017 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 5,5 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0. For kraftanlegg vert §



## Vaksdal kommune

8B i eidegdomsskattelova lagt til grunn.

For eidegdom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eidegdomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eidegdomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c.

Eidegdomsskatten for 2017 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunale avgifter.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 64.650.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 41.720.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2017. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Betalingsattsar etter «Vedlegg – betalingsattsar 2017» vert godkjent. Nye betalingsattsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2017, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikelova § 32, eigarseksjonslova § 7, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova § 6 og forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjons saker. Forskrifta vert å kunnjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2017 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.
9. Vass- og avlaupsgebyr for 2017 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.
10. Slamtømmegebyr for 2017 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26
11. Fastsetjing av eigenandeler for 2017 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.
12. Endringsframlegg frå formannskapet:

<b>Inntektsauke</b>	<b>+</b>	
Auka rammetilskot	+ 5,4mill.	
Auka skatteanslag	+ 1,3 mill.	
Auka konsesjonskraftgevinst	+ 7,9 mill.	
<b>Totalt</b>	<b>+ 14,6 mill</b>	



Dispnering / utgifter	+	Totalt
Overføring til kapitalrekneskaper meir i tråd med kravet til «sunn økonomi» = 1.75% Me står overfor store investeringar (2/3 av konsesjonskraftgevinst = 5,3 mill.)	+ 5,3 mill.	7 300 000
Til disposisjonsfond (1/3 av konsesjonskraftgevinst = 2,6 mill.)	+ 2,2 mill.	
Styrking av pleie i institusjon	+ 2,4 mill.	41 957 000
Styrking av pleie i heimetenestene	+ 2,0 mill.	49 186 000
Styrking av undervisninga i skulane	+ 2,0 mill.	45 857 000
Bhg – m.a. for å halde på opningstidene	+ 0,2 mill.	21 641 000
SFO – m.a. søskenmoderasjon	+ 0,1 mill.	
Til disp. formannskapet	+ 0,4 mill.	900 000
	<b>(+ 14,6 mill.)</b>	

#### Presiseringar:

